



KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE

MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 14.11.2018

Stad: Møterom: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Kl.: 09.00 – 12.00

Tilstade: Astrid Nordanger (leiar), Siv Beate Marøy (medlem), Kjersti Haugland (vara for Cyril Marøy) og Nils Bård Nødtvedt (medlem)

Innkalla: Rådmann Jarle Landås (til sak 32 og 39/18)

Revisjon: Nordhordland Revisjon IKS, Forvaltningsrevisor Dag Inge Bøe (til sak 33-34/18),

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall: Cyril Marøy
David Pletten Aasgard (nestleiar), forfall meldt så seint at vara ikkje kalla inn.

Grunna forfall var 4 av 5 medlemmar til stades i møtet.

.....

27/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

28/18 Godkjenning av møteutskrift

Saksvedlegg: Møteutskrift frå møte 19.09.2018

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte 19.09.2018 er godkjent

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 19.09.2018 er godkjent

29/18 Skriv og meldingar

Saksvedlegg:

- a) Rapport 2. tertial 2018, budsjett for fellesnemnda prosjektperioden 2017-2020
- b) Fylkesmannen i Hordaland, info om Statsbudsjettet 2019 – kommuneopplegget
- c) Referat frå felles møte mellom kontrollutvala i Meland, Radøy og Lindås den 2. november 2018

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

30/18 Oppdragsansvarleg revisor sin uavhengighet i forhold til Radøy kommune, 2018

Saksvedlegg:

- Vurdering av oppdragsansvarlig regnskapsrevisors uavhengighet i forhold til Radøy kommune, regnskapsåret 2018, datert 08.10.2018.
- Vurdering av oppdragsansvarlig forvaltningsrevisors uavhengighet i forhold til Radøy kommune, regnskapsåret 2018, datert 23.10.2018.

Saksopplysningar:

Nordhordland Revisjon IKS har utferdiga to eigenvurderingar av uavhengighet i høve krav til kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14.

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sine erklæringar til etterretning

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sine erklæringar til etterretning

31/18 Interimsrevisjon 2018 / orientering om status og planar rekneskapsrevisjon

Saksvedlegg:

Oppsummering i brev datert 01.11.2018 frå Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysningar:

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning

32/18 Rådmannen si oppfølging av revisjonsrapport nr 15

Saksvedlegg:

Revisjonsrapport nr. 15, datert 20.03.2018, Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysninger:

I sak 13/18 gav kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap / årsmelding for 2017 og revisjonsrapport nr 15.

I uttalen vart det vist til nokre mindre kommentarar frå revisjonen vedkomande

- Rutinar for rekneskapsmessig dokumentasjon av sosialutbetalingar
- Innføring av standard rutine for kontantkassar

Behandling i møte:

Rådmann Jarle Landås møtte og informerte om kva som er gjort.

- Rutinar for rekneskapsmessig dokumentasjon av sosialutbetalingar
Det er gjort ein del justeringar, men står att noko arbeid og vert følgd opp i «Alver samanheng»
- Innføring av standard rutine for kontantkassar
Har ikkje hatt kapasitet til å fullføre arbeidet, men er under arbeid og forsøker å redusere bruk av kontantkassar

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

33/18 Endring av prosjektplan: Tidleg innsats i oppvekstsektoren, Radøy kommune

Saksvedlegg:

- Nordhordland Revisjon IKS, Godkjend prosjektplan
- Nordhordland Revisjon IKS, notat datert 25.10.18 vedkomande endring av problemstilling 2 i forvaltningsrevisjon av tidleg innsats i Radøy kommune

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet godkjende i møte den 03.04.2018 (sak 14/18) prosjektplanen for forvaltningsprosjektet: *Tidleg innsats i oppvekstsektoren, Radøy kommune 2018*, slik den låg føre.

Følgjande problemstillingar var då skissert i prosjektplanen:

Problemstilling 1: Har Radøy kommune system for å sikre tidleg innsats i oppvekstsektoren?

Problemstilling 2: Oppfyller Radøy kommune krava om styrkt lærartettleik på 1-4 trinn i opplæringslova § 1-3 andre ledd ?

Problemstilling 3: Kva system har Radøy kommune for å vareta elevane sine behov ved overgang mellom barnehage, barneskule og ungdomsskule?

Problemstilling 4: Er sakshandsaminga knytt til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning i samsvar med lovverk og eigne føringar?

Etter at prosjektplanen vart vedteken er det gjort endringar i opplæringslova. Revisjonen har i vedlagt notat gjort greie for kva desse endringane er, og føreslår no å gjere ei endring i problemstillinga som er knytt til dette.

Revisjonen rår frå at ein omformulerer problemstilling 2 til å fokusere på ny §1-4. Det er 20 veker sidan lovendringane vart vedtekne i Stortinget og 11 veker sidan dei tredde i kraft. Fellesferien inngår i dei 20 vekene frå Stortinget sitt vedtak. Det er etter revisjonen sitt syn ikkje rimeleg å forvente at kommunane innan no har hatt tid til å implementere systemendringar knytt til korleis oppfylle ny § 1-4.

Revisjonen rår til at ein stryk problemstilling 2 og gjev nye nummer til problemstilling 3 og 4. Revisjonen sitt sekundære råd er å kontrollere om Radøy kommune oppfylte tidlegare § 1-3 innanfor (heile eller eit utval av) det tidsrommet den var gjeldande.

Behandling i møte:

Forvaltningsrevisor Dag Inge Bøe deltok i møtet, orienterte om saka og endringsframlegga. Det vart også gjeve ei kort orientering om status i arbeidet med dei andre problemstillingane i prosjektet.

Føreslegne alternativ vart drøfta.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek å endre prosjektplanen slik:

Alt. 1: Problemstillinga 2 utgår. Nummera til problemstilling 3 og 4 vert endra i samsvar med dette.

Alt. 2: For problemstilling 2 vert det å kontrollere om Radøy kommune oppfylte tidlegare §1-3 innanfor (heile eller eit utval av) det tidsrommet denne paragrafen var gjeldande.

Samrøystes vedtak:

Problemstillinga 2 utgår.

Nummera til problemstilling 3 og 4 vert endra i samsvar med dette

34/18 Forvaltningsrevisjon status / bestilling

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

Planar for selskapskontroll og forvaltningsrevisjon vart vedtekne av kommunestyre i 2016 etter tilrådingar frå kontrollutvalet.

I perioden er planane slik følgd opp av kontrollutvalet:

Forvaltningsrevisjonsprosjekt :

Prosjekt	2016	2017	2018	2019	2020	Merkn
Barnevern – «Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta i Radøy kommune	X	(X)				KU-sak 29/16 – 20.10.16 Kommunestyrevedtak Sak
Kommunen si satsing på «tidleg innsats» i oppvekstsektoren			X	X		Vedtak KU, oppstart 2018. Er under arbeid – ferdig 2019
Innkjøp/offentlege anskaffingar						Ikkje vedteke starta opp

Selskapskontroll:

Prosjekt	2016	2017	2018	2019	2020	Merkn
Sambandet Vest AS						Er tilrådd skal utgå - ikkje nye prosjekt

Gjeldande planar/prioriteringar vart vedtekne før vedtak om at kommunen skulle slåast saman. Det er no vel eit år fram til avviklinga av Radøy og oppstart av den nye kommunen Alver pr. 01.01.2020.

I felles møte for kontrollutvala den 2. november 2018 vart det orientert om status for gjennomføring av ulike forvaltningsrevisjonar/selskapskontrollar i Lindås, Meland og Radøy. Behov for å samordne ulike bestillingar/prioriteringar vart då drøfta.

I møtet vert det føreslege å drøfte korleis planen bør følgjast opp og om det er behov for å endre prioriteringa sett i lys av at kommunen no skal slåast saman.

Moment til drøfting kan vere:

- Fokus på noverande og komande utfordringar og risikoar
- Kva er viktig for å sikre tilfredstillande internkontroll til kommunen(-ane) er avvikla ?
- Kva må fungere frå dag ein i Alver kommune ?
- Kan felles utfordringar og risikoar samordnast ?
- Kva nye prosjekt vil vere nyttig for både kommunen(-ane) og for Alver kommune ?

Behandling i møte:

Forvaltningsrevisor Dag Inge Bøe, Nordhordland Revisjon IKS deltok i møtet.
Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak:

Saka vart lagt fram for kontrollutvalet til drøfting utan tilråding

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tingar til møte i februar 2019 ei prosjektskisse for «Innkjøp/offentlege anskaffingar» frå Nordhordland Revisjon IKS.

35/18 Kontrollutvalet årsplan / møteplan 2019

Saksvedlegg:

Framlegg til møteplan / årsplan for 2019

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner framlegget til møteplan/årsplan med dei endringar som vart gjort i møte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner framlegget til møteplan/årsplan slik det føreligg.

36/18 Val av revisjonsordning for Alver kommune – tilråding frå kontrollutvalet

Saksvedlegg:

- Utgreiing for val av revisjonsordning for Alver kommune
- Selskapsavtale for Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysningar:

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har vedteke at dei skal slåast saman til Alver kommune frå 01.01.2020. I den samanheng skal det veljast revisjonsordning og revisor for den nye kommunen.

Kommunestyra i dei tre kommunane har delegert til fellesnemnda å ta stilling til revisjonsordninga. Fellesnemnda skal gjere sitt vedtak på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.

Kontrollutvala i kommunane vedtok i sine ulike møter i september 2018 at sekretariatet skulle utgreie og utarbeide ei sak om val av revisjonsordning, basert på dei moment og framdriftsplan som låg til grunn ved vedtak om oppstart av denne saka.

Det vart gjeve ei orientering om utgreiinga av revisjonsordninga i fellesmøte for kontrollutvala den 2. november 2018. I møtet vart ulike sider av saka deretter drøfta.

Kontrollutvala i dei tre kommunane skal no, kvar for seg, gjere vedtak om si tilråding til fellesnemnda om val av revisjonsordning for Alver kommune.

Med grunnlag i dei vurderingar som går fram av vedlagt utgreiing, vert det her føreslege to alternative tilrådingar frå sekretariatet.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet drøfta saka.

Framlegg til vedtak:

Alt. 1

Alver kommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester. Ein går i dialog med Nordhordland Revisjon IKS for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomiske rammevilkår.

Alt. 2

Alver kommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden. Kommunane Meland og Radøy må gjera eit arbeid for å avslutta sine tenesteleveransar og eigarskap i Nordhordland Revisjon IKS fom 01.01.2020.

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurranse-grunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Samrøystes vedtak:

Alver kommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester. Ein går i dialog med Nordhordland Revisjon IKS for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomiske rammevilkår.

37/18 Sekretærfunksjonen for Alver kommune – tilråding frå kontrollutvalet

Saksopplysningar:

På felles møte for kontrollutvala den 2. november 2018 orienterte leiar i Meland kontrollutval Kåre Skibenes om «*Sak vedkomande tilråding av sekretærordning*».

Framlegg til vedtak vart presentert på vegne av leiarane i kontrollutvala, og vil verte fremma av leiarane i dei einskilde kontrollutvalsmøte.

Behandling i møte:

Leiar gjorde framlegg om slik vedtak:

«Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy har same sekretærfunksjon i dag. Kontrollutvalet tilrår vidareføring av eksisterande sekretærfunksjon med Nordhordland Utviklingselskap IKS»

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå sekretariatet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvala i Lindås, Meland og Radøy har same sekretærfunksjon i dag.

Kontrollutvalet tilrår vidareføring av eksisterande sekretærfunksjon med Nordhordland Utviklingselskap IKS.

38/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar.

Behandling i møte:

Ingen saker vart tekne opp i møtet

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

39/18 Eventuelt

Behandling i møte:

«Tolga-saka» - bruk av konsulent i Radøy

Etter oppmodning frå leiar gav rådmannen ei orientering om bakgrunn for saka, og Radøy kommune sine avtalar og bruk av konsulent på dette området.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.

Neste møte i kontrollutvalet er 13. februar 2019 kl. 09.00


Saker til neste møte:

- Kontrollutvalet si årsmelding for 2018
- Forvaltningsprosjekt - tinging
- Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – kommunen si satsing på «tidleg innsats» i oppvekstsektoren

Manger, 14.11. 2018

Astrid Nordanger

Astrid Nordanger / leiar


Øivind Olsnes / sekretær

